

Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 29. januar 2015 12:44
Til: postmottak@askoy.kommune.no; Postmottak Fedje;
epost@odda.kommune.no; postmottak@sund.kommune.no;
postmottak@ullensvang.herad.no;
postmottak@oygarden.kommune.no; postkasse@fusa.kommune.no;
postmottak@granvin.kommune.no; Post Osterøy;
post@tysnes.kommune.no; postmottak@voss.kommune.no;
postmottak@bergen.kommune.no; postmottak@bomlo.kommune.no;
firmapost@etne.kommune.no; Post Masfjorden kommune;
postmottak@ulvik.kommune.no; Postmottak Vaksdal;
postmottak@fjell.kommune.no; Postmottak Radøy;
postmottak@sveio.kommune.no; fitjar@fitjar.kommune.no;
postmottak@kvam.kommune.no; Postmottak Modalen;
adm@samnanger.kommune.no; postmottak@austevoll.kommune.no;
postmottak@eidfjord.kommune.no; Postmottak Lindås;
postmottak@os-ho.kommune.no; post@stord.kommune.no; Post
Austrheim; post@jondal.kommune.no;
post@kvinnherad.kommune.no; Postmottak Meland
Emne: Kommunereformen i Hordaland

Fra: Audun Sylta [<mailto:daglegleiar@radoysokn.no>]
Sendt: 27. januar 2015 12:02
Til: Bakkebø, Ole
Emne: Kommunereform.

Hei.

Takk for samtale og informasjon i dag.
Sender over notat som ligg på KA sine sider.

Med venleg helsing
Audun Sylta

Kyrkja med i kommunereforma

KA og Kyrkjerådet har saman skrive brev til samtlege fylkesmenn og oppmoda til å inkludere kyrkja og representantar for kyrkjelege organ i arbeidet med kommunereforma. Både Fylkesmannen i Troms, Vest-Agder og Buskerud har allereie gitt positiv tilbakemelding og bekrefta at dei vil bidra til å sikre at kyrkja blir inkludert i prosessane.

I kvart fylke vil det denne hausten vere oppstart av regionale og lokale prosessar for å avklare kva for kommunar som kan tenke seg å utgreie samanslåing. [Fylkesmannen har fått ansvaret](#) med å sette i gang prosessane regionalt. Derfor har KA og Kyrkjerådet no skrive eit felles brev til alle

fylkesmenn om [kommunereforma](#) og Den norske kyrkja. Den norske kyrkja vil bli sterkt påverka av reforma. KA og Kyrkjerådet ber i brevet om:

- At kyrkjas tilknytning til kommunestrukturen blir omtala i informasjonsmateriell og utgreiingar, og at kyrkja blir inkludert som eit av områda som vil bli påverka av endringar i kommunestrukturen.
- At representantar for kyrkjeleg fellesråd blir inviterte på relevante arrangement der kommunereforma blir drøfta.
- At kyrkjelege representantar blir inkludert som aktuelle kandidatar til å delta i arbeidsgrupper og på andre arenaer der kommunereforma blir diskutert.

Både Fylkesmannen i Troms så vel som Fylkesmannen i Vest-Agder har allereie tatt kontakt med KA som svar på brevet. Fylkesmannen i Troms har invitert ein representant frå kyrkjeleg fellesråd med på det første møte i styringsgruppa for kommunereforma i Troms. Fylkesmannen i Vest-Agder strekar under at kommunane i fylket førebels er i ein tidleg fase, men at det vil bli spelt inn at kyrkja må bli inkludert i utgreiingane. Fylkesmannen i Buskerud har i dag svara at dei vil invitere representantar for kyrkjelege organ i Buskerud til dialog om saka.